

Reaksjonar mot Osfellesskapet

24.06.2011



Osfellesskapets buss ved Gamleskulen (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det har vore tildels sterke reaksjonar frå foreldre på den forkynning som den tverrkjyrkelege gruppa Osfellesskapet har starta denne veka i Uskedalen og som skal vara i 3 veker. Grunnen til reaksjonane er at forkynninga også har vore retta mot svært unge..

Born heilt ned til 6 år utan følgje med vaksne har vore invitert inn i bussen ved Gamleskulen og mellom anna fortald at dei kunne bli friske gjennom bøn.

Også uskedalen.no har motteke reaksjonar frå foreldre og har formidla dei vidare til leiar Arnt Jakob Helvik.

Helvik seier til Kvinnheringen at dei har snakka saman i gruppa etter at reaksjonane kom og at dei var einige om at dei forstod desse. Men dei arbeider mykje med born og ungdom og tenkjer veldig uskuldig i forhold til det. Difor kopla dei ikkje at dette kom til å bli eit problem.

Etter at uskedalen.no tok kontakt med Helvik lova han at dei ikkje skulle invitera ungar inn i bussen igjen.

Kvinnheringen opplyser at politiet vil ta kontakt med Osfellesskapet i Uskedalen.

Av Ola Matti Mathisen